



## Møteprotokoll

### Kommunestyret

- Dato: 20.03.2018 kl. 18:00-21:30.  
Stad: Kommunestyresalen  
Arkivsak: 15/02299  
Møteleiar: Ordførar Heidi Granli.
- Tilstades: Heidi Granli (Arbeiderpartiet), Sigrun Eng (Arbeiderpartiet), Jon Anders Hefte (Arbeiderpartiet), Hanne Brunborg (Arbeiderpartiet), Martha Nistad (Arbeiderpartiet), Leif Norhaug (Arbeiderpartiet), Britt Vikane (Arbeiderpartiet), Tor Helge Bergh (Fremskrittspartiet), Kate Vibeke Sagabraaten (Fremskrittspartiet), Roger Toppen (Høyre), Tom Rune S. Blakkestad (Høyre), Arne Nibstad (Høyre), Hege Jensvoll (Høyre), Tore Ness (Høyre), Anne Gerd Jorde (Kristeleg Folkeparti), Herbrand Jegleim (Senterpartiet), Kristin Bakke Haugen (Senterpartiet), Kari Anita Brenna (Senterpartiet), Live Surlien (Sosialistisk Venstreparti), Jan Kattenberg (Venstre), Helge Anders Feet (Venstre).
- Møtande  
varamedlemar:
- Forfall:
- Andre: Rådmann Hege Mørk.
- Protokollførar: Leiar sekretariat og tenestetorg Mona Hagen.
- Merknadar: Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste. Det var gruppemøte frå kl. 18.55-19.10. Møtet vart heva frå 20.00-20.45 for utdeling av kulturprisen med påfølgande kaffe og kake med prisvinnaren.
- Orienteringar: Ordføraren orienterte om møte om Vardaraksjar og innsparing politikargodtgjersle-budsjettvedtak 2018. Leif Norhaug (AP) og Roger Toppen (H) og Jon Anders Hefte (AP), Tom Rune Skr. Blakkestad (H), Jan Kattenberg (V) og Roger Toppen (H) hadde ordet til orienteringa om politikargodtgjersle. Det er ynskjeleg at administrasjonen lagar sak om innsparing i politikargodtgjersle og legg fram til politisk behandling.
- Kulturprisen: Kulturprisen for 2017 vart tildelt Solveig Villand Lindheim for sin sentrale rolle siden 1949 i Gol Røde Kors, og seinare Gol og Hemsedal Røde kors.

**SAKSKART****Side****Møteprotokoll****Saker til behandling**

<a href="#">5/18</a>	17/00818-1	Ombygging Gol ungdomsskule - lokaler til Buskerud Fylkeskommune	3
<a href="#">6/18</a>	17/03817-28	Fysiske endringer og økonomiske konsekvensar ved omgjerung til Herad barnehage	4
<a href="#">7/18</a>	16/02692-133	Gol Idrettsarena- sluttrapport og godkjenning av byggerekneskap	6
<a href="#">8/18</a>	18/00600-4	Søknad om mellomfinansiering - rehabilitering av lysløype Solseter	7
<a href="#">9/18</a>	17/00521-4	Læringscenteret - Tilstandsrapport 2017	8
<a href="#">10/18</a>	17/00521-3	Gol skule - Tilstandsrapporten 2017	9
<a href="#">11/18</a>	18/00602-1	Tillegg til gebyrregulativet for 2018 - Slam og renovasjon	10
<a href="#">12/18</a>	18/00486-3	Endring av vedtekter for Gol Kommunale Eigedomar AS	11
<a href="#">13/18</a>	18/00224-1	Val til styret i Gol skysstasjon	12
<a href="#">14/18</a>	18/00227-1	Val av nytt varamedlem til kontrollutvalet for perioden 2015 - 2019	13
<a href="#">15/18</a>	18/00226-1	Suppleringsval til valnemnd for perioden 2015 - 2019	14
<a href="#">16/18</a>	18/00232-14	Søknad om skjenkeløyve - Golsfjell Alpinsenter AS	15
<a href="#">17/18</a>	16/03680-8	Vestviken 110 IKS - endring av selskapsavtalen	16

Vi stadfester med våre underskrifter at møteprotokollen er ført i samsvar med det som vart bestemt på møtet.

Anne Gerd Jorde

Roger Toppen

## Saker til behandling

### 5/18 Ombygging Gol ungdomsskule - lokaler til Buskerud Fylkeskommune

Arkivsak-dok. 17/00818-1

Saksbehandler Hege Mørk

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	08.03.2018	15/18
2 Kommunestyret	20.03.2018	5/18

---

**Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 5/18**

#### Behandling

Saksordfører: Leif Norhaug.

#### Votering

Samrøystes.

#### Vedtak

1. Administrasjonen blir gitt fullmakt til å tildele oppdrag og inngå kontrakt om rehabilitering / ombygging av areal i 2. etasje i Gol ungdomsskule. Kontrakt blir inngått med vinnar av anbodskonkurranse.
2. Kontraktsramme/fullmakt er begrensa oppad til 15% over ramme i kalkyle eks mva.
3. Prosjektet blir overført plan- og byggenemnda.
4. Det blir utarbeida prosjektplan som blir lagt fram for politisk behandling i kommunestyret.

[Lagre]

## 6/18 Fysiske endringer og økonomiske konsekvensar ved omgjerung til Herad barnehage

Arkivsak-dok. 17/03817-28

Saksbehandlar Wenche Elisabeth Olsen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for natur og næring	06.03.2018	24/18
2 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	08.03.2018	18/18
3 Kommunestyret	20.03.2018	6/18

---

### Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 6/18

#### Behandling

Saksordførar: Helge Feet.

Desse hadde ordet i saka: Jan Kattenberg (V) som fremja fylgjande framlegg: «Kommunestyret øker rammen i prosjektet for ferdigstilling av Herad barnehage med kr. 1.000.000».

Vidare hadde desse ordet: Herbrand Jegleim (SP), Jon Anders Hefte (AP), Herbrand Jegleim (SP), Tom Rune Skr. Blakkestad (H) som ba om gruppemøte, ordførar Heidi Granli (AP) som svara på spørsmål frå Tom Rune Skr. Blakkestad (H), Kari Anita Brenna (SP), Anne Gerd Jorde (KRF), ordførar Heidi Granli (AP), Helge Feet (V), Roger Toppen (H), Jan Kattenberg (V), rådmann Hege Mørk som svara på spørsmål, Herbrand Jegleim (SP), Tore Ness (H), ordførar Heidi Granli (AP) som svara på spørsmål, Hanne Brunborg (AP) stilte spørsmål til administrasjonen. Rådmannen svara på spørsmålet, Kristin Bakke Haugen (SP) stilte spørsmål. Ordføraren svara på spørsmålet. Helge Feet (V) hadde ordet og svara på spørsmål frå Kristin Bakke Haugen (SP). Til slutt hadde Jon Anders Hefte (AP) og Tore Ness (H) ordet.

Ordføraren heva møtet for å ha gruppemøte.

Desse hadde ordet etter gruppemøtet: Tom Rune Skr. Blakkestad (H) som la fram slikt framlegg til vedtak: « Kommunestyret bevilger kr. 1.320.000 ekstra til prosjekt Herad barnehage pkt. 1 til pkt. 6 kr 1.065.000 samt overforbruk på kr. 255.800 gjennomføres. Penger tas frå disposisjonsfond».

Jan Kattenberg (V) trakk sitt framlegg og ynskja å støtte Høyre sitt framlegg.

Hanne Brunborg (AP) la fram fylgjande framlegg til vedtak: «Beløpet på kr. 741.800 blir løyva ved omdisponering av investeringsbudsjettet, frå prosjekt ombygging Gol ungdomsskule».

Tom Rune Skr. Blakkestad (H) hadde ordet.

Tor Helge Berg (FRP) la fram fylgjande framlegg til vedtak:

«Overskridelser og ev. nødvendige kostnader utover de allereie vedtatte 5.6 mill + 255.800 tas frå egen ramme for drift 2018».

Roger Toppen (H) og Herbrand Jegleim (SP) hadde ordet.

**Votering**

Det vart votert separat over dei tre framlegga:

FRP sitt framlegg fekk 3 røyster (FRP og Roger Toppen H).

AP sitt framlegg fekk 8 røyster (AP og Kristin Bakke Haugen SP)

H sitt framlegg fekk 11 røyster (Tore Ness H, Hege Jensvoll H, Arne Nibstad H, Tom Rune Skr.

Blakkestad H, V, SV, KRF og Kari Anita Brenna SP, Herbrand Jegleim SP og Kate Sagabraaten FRP) og vart vedteke.

**Vedtak**

Kommunestyret bevilger kr. 1.320.000 ekstra til prosjekt Herad barnehage pkt. 1 til pkt. 6 kr 1.065.000 samt overforbruk på kr. 255.800 gjennomføres. Penger tas frå disposisjonsfond.

[Lagre]

## 7/18 Gol Idrettsarena- sluttrapport og godkjenning av byggerekneskap

Arkivsak-dok. 16/02692-133

Saksbehandler Svein Eide

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for natur og næring	06.02.2018	16/18
2 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	08.02.2018	8/18
3 Kommunestyret	20.03.2018	7/18

---

**Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 7/18**

### Behandling

Saksordfører: Anne Gerd Jorde.

Desse hadde ordet: Jon Anders Hefte (AP) og Kristin Bakke Haugen (SP) som stilte spørsmål til administrasjonen. Rådmannen svara på spørsmålet.

### Votering

Samrøystes.

### Vedtak

1. Gol kommunestyre godkjenner byggerekneskapen for Gol Idrettsarena med ein samla kostnad på kr 79.345.919 og med eit mindreforbruk på kr 1.040.081.
2. Det blir satt av kr 150.000 til utgifter med slutføringa av prosjektet.
3. Ubrukte midlar blir ståande unytta inntil samla rekneskap for heile Hallingmoutbygginga blir lagt fram som sak. Då vil ein også ta stilling til om det er rom for å investere i utstyr knytta til drift og vedlikehald av bygningsmassen. Administrasjonen legg fram ei konkret vurdering når det gjeld eventuelt innkjøp av vaskerobot til Gol idrettsarena.

[Lagre]

## 8/18 Søknad om mellomfinansiering - rehabilitering av lysløype Solseter

Arkivsak-dok. 18/00600-4

Saksbehandler Hege Mørk

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	08.03.2018	14/18
2 Kommunestyret	20.03.2018	8/18

---

### Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 8/18

#### Behandling

Saksordførar: Hege Jensvoll.

Rådmannen hadde ordet og orienterte om endring av ordlyd i pkt. 3.

#### Votering

Samrøystes.

#### Vedtak

Gol kommune løyver lån til Gol IL på kr. 1 000 000,- på følgjande vilkår:

1. Mellomfinansiering av Spelemiddel på kr. 670 000,- blir innløyst straks dei er mottatt av Gol IL .
  - Mellomfinansiering av meirverdiavgift på kr. 180 000,- blir innløyst straks dei blir mottatt av Gol IL.
  - Resterande lån på kr. 150 000,- forfell til betaling når meirverdikompensasjon blir mottatt.
  - Rente på samla lån blir sett tilsvarende den renta Gol kommune til einkvar tid har på inneståande midlar.
  - Som sikkerheit for lånet blir det etablert ein pantobligasjon i Gol IL sin ideelle part i eigedom med gnr. 26, bnr. 106.
2. Føresetnaden for lånet er at prosjektet med rehabilitering av lysanlegg på Solseter blir gjennomført.
3. Lånet blir løyva frå ubunde kapitalfond.

[Lagre]

## 9/18 Læringscenteret - Tilstandsrapport 2017

Arkivsak-dok. 17/00521-4

Saksbehandler Hallvor Lilleslett

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for kultur og levekår	07.03.2018	14/18
2 Kommunestyret	20.03.2018	9/18

---

### Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 9/18

#### Behandling

Britt Vikane (AP) ba kommunestyret ta stilling til sin habilitet då ho er tilsett som rektor ved Læringscenteret. Rådmannen orienterte om regelverket. Britt trådte ifrå og kommunestyret vedtok samrøystes at Britt Vikane (AP) var inhabil. Ingen møtte som vara.

Saksordfører: Martha Nistad.

Martha Nistad (AP) hadde ordet i saka.

#### Votering

Samrøystes.

#### Vedtak

Kommunestyret godkjenner tilstandsrapport 2017 for Læringscenteret.

[Lagre]



## 10/18 Gol skule - Tilstandsrapporten 2017

Arkivsak-dok. 17/00521-3

Saksbehandler Hallvor Lilleslett

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for kultur og levekår	07.03.2018	13/18
2 Kommunestyret	20.03.2018	10/18

---

**Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 10/18**

### Behandling

Saksordfører: Jan Kattenberg.

Desse hadde ordet i saka: Kristin Bakke Haugen (SP), Anne Gerd Jorde KRF) og Jan Kattenberg (V).

### Votering

Samrøystes.

### Vedtak

- 1.Kommunestyret godkjenner tilstandsrapporten for Gol skule 2017.
- 2.Kommunestyret forventar at rådmannen og skulen brukar vurderingane og konklusjonane som utgangspunkt for forbedringsarbeid og styrka innsats for betre læringsresultat og betre læringsmiljø.

[Lagre]

## 11/18 Tillegg til gebyrregulativet for 2018 - Slam og renovasjon

Arkivsak-dok. 18/00602-1

Saksbehandler Synnøve Kristiansen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for natur og næring	06.03.2018	22/18
2 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	08.03.2018	16/18
3 Kommunestyret	20.03.2018	11/18

### Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 11/18

#### Behandling

Hanne Brunborg (AP) ba kommunestyret ta stilling til sin habilitet då ho er styremedlem i Hallingdal Renovasjon og trådte ifrå. Kommunestyret vedtok samrøystes at Hanne Brunborg (AP) var inhabil. Ingen møtte som vara.

Saksordførar: Anne Gerd Jorde.

#### Votering

Samrøystes.

#### Vedtak

Gol kommunestyre vedtek nye tilleggsgebyrsatsar for slam gjeldande frå 01.03.2018 og renovasjon gjeldande frå 01.01.2018:

### Tillegg til gebyrregulativ for 2018 – Slam og renovasjon

#### 4.F – Slam – Kommunal forskrift om tømning av avløpsanlegg m.v

Tømning utanfor plan/ekstratømning	Mva.	
Anlegg	x	1809,-
Anlegg – pr. m3 over 1,0 m3	x	615,-
Nødtømning	x	
Anlegg	x	3615,-
Anlegg – pr. m3 over 1,0 m3	x	615,-
Ikkje gjennomført tømning	x	1086,-

#### 4.G – Renovasjonsgebyr – Kommunal forskrift for avfallsbehandling

Renovasjon dunk stor	x	3549,-
Utvidet henteavstand	x	250,-

[Lagre]

## 12/18 Endring av vedtekter for Gol Kommunale Eigedomar AS

Arkivsak-dok. 18/00486-3

Saksbehandler Svein Eide

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	08.03.2018	17/18
2 Kommunestyret	20.03.2018	12/18

---

**Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 12/18**

### Behandling

Saksordfører: Herbrand Jegleim.

Anne Gerd Jorde (KRF) og Kari Anita Brenna (SP) ba kommunestyret ta stilling til deira habilitet då dei er varamedlem og fast medlem i styret i Gol kommunale Eigedomar AS.

Anne Gerd og kari Anita trådte ifrå. Kommunestyret vedtok samrøystes at Anne Gerd Jorde (KRF) og Kari Anita Brenna (SP) var inhabile. Ingen møtte som vara.

### Votering

Samrøystes.

### Vedtak

Vedtektene for Gol Kommunale Eigedomar AS, § 12, blir endra ved at Gol formannskap blir generalforsamling i selskapet.

«Endring i §2 i vedtektene for GKE i 2.setning: Bytte ut ordet «leige ut» til «forvalte».

[Lagre]

## 13/18 Val til styret i Gol skystasjon

Arkivsak-dok. 18/00224-1

Saksbehandler Mona Hagen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Valnemnda	05.02.2018	2/18
2 Kommunestyret	20.03.2018	13/18

---

**Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 13/18**

### Behandling

Saksordfører: leiar i valnemnda Jon Anders Hefte.

### Votering

Samrøystes.

### Vedtak

Kommunestyret gjer framlegg om attval for Øystein Falmår og Tom Rune Skr. Blakkestad for 2 år.

[Lagre]

## 14/18 Val av nytt varamedlem til kontrollutvalet for perioden 2015 - 2019

Arkivsak-dok. 18/00227-1

Saksbehandler Mona Hagen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Valnemnda	05.02.2018	3/18
2 Kommunestyret	20.03.2018	14/18

---

**Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 14/18**

### Behandling

Saksordfører: Leiar i valnemnda Jon Anders Hefte.

Tore Ness (H) hadde ordet.

### Votering

Samrøystes.

### Vedtak

Helge Carlstrand blir nytt varamedlem til kontrollutvalet.

[Lagre]

## 15/18 Suppleringsval til valnemnd for perioden 2015 - 2019

Arkivsak-dok. 18/00226-1

Saksbehandler Mona Hagen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Valnemnda	05.02.2018	4/18
2 Kommunestyret	20.03.2018	15/18

---

Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 15/18

### Behandling

Saksordfører: Leiar i valnemnda Jon Anders Hefte.

### Votering

Samrøystes.

### Vedtak

Valnemnda blir supplert med Dag Wollebæk som vara for Sosialistisk venstreparti.

[Lagre]

## 16/18 Søknad om skjenkeløyve - Golsfjell Alpinsenter AS

Arkivsak-dok. 18/00232-14

Saksbehandler Hege Kristin Stubsvang

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for kultur og levekår	07.03.2018	19/18
2 Kommunestyret	20.03.2018	16/18

---

Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 16/18

### Behandling

Saksordfører: Kristin Bakke Haugen.

### Votering

Samrøystes.

### Vedtak

- Golsfjell Alpinsenter AS, org nr. 992076712, får alminneleg skjenkeløyve til skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 1 (drikk som inneheld mellom 2,5 og 4,7 volumprosent alkohol), gruppe 2 (drikk som inneheld mellom 4,7 og 22 volumprosent alkohol) og gruppe 3 (drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol).
- Godkjent skjenketid er innan for kommunens maksimaltid:  
Alkohol gr. 1 og gr.2: Kl. 10.00 – 03.00 alle dagar  
Alkohol gr. 3: Kl. 13.00 – 03.00 alle dagar
- Konsum av utskjenket alkoholholdig drikk må opphøre senest 30 minuttar etter skjenketidens utløp.
- Godkjent skjenkeareal er i henhold til søknad, 150 m<sup>2</sup> innomhus i kafé/varmestua og i grillhytte, utomhus på terrasse 200 m<sup>2</sup>, uteområde må vera tydeleg avgrensa.
- Sonja Alice Ingebrigtsen blir godkjent som løyvehavar og Line Indseth som stedfortredar.
- Løyve blir gjeve frå kommunestyret gjer vedtak og fram til 30.06.2020

[Lagre]

## 17/18 Vestviken 110 IKS - endring av selskapsavtalen

Arkivsak-dok. 16/03680-8

Saksbehandler Mona Hagen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet /Kommuneplanutvalet	08.02.2018	10/18
2 Kommunestyret	20.03.2018	17/18

---

Kommunestyret har behandla saka i møte 20.03.2018 sak 17/18

### Behandling

Saksordfører: Helge Feet.

### Votering

Samrøystes.

### Vedtak

Kommunestyret godkjenner endra selskapsavtale for Vestviken 110 IKS.

[Lagre]